Naturmøteplassen: Dugnad på gapahuken

Gjer det triveleg å vere på Naturmøteplassen!



VANSKELIGHETSGRAD
Medium

KATEGORI
Natur

TIDSBRUK
Mellom

FARGE
Grønn

Les mer på 4h.no

Beskrivelse av oppdraget

I denne serien skal du gjera ulike oppdrag som dreier seg om naturmøteplassen. På ein naturmøteplass vert det lagt til rette for at barn og unge skal få lære å bruke naturen og verte glad i den slik den er, heilt naturleg. Naturmøteplassane er lokale arenaer for lågterskel-aktivitetar innan natur og miljø. Eller enklare sagt: friluftsfolket sitt svar på ballbingar. Dei er opne, tilgjengelege og familievenlege, og er ein fysisk møtestad ved sjøen, på fjellet, i skogen eller på opparbeidde friluftsområde i nærmiljøet. Nokre av naturmøteplassane er universelt tilrettelagt.

Oppdraget går ut på at ein held natumøteplassen vedlike.

Du kan blant anna:

- Slå graset
- Sage ned tre
- Måle/beise, rydde og vaske etc.

Når vi vil ha ein triveleg plass å vere, så må vi yte for å nyte.

Lykke til!